

## Aktuell

– Ei verktøykasse  
for improvisasjon

– Folkemusikken er ikkje noko uforanderleg, seier Sturla Eide, på turné med band og ny plate.

I dag står Tingvoll for tur, Råkvåg i Rissa er siste stasjon i morgon, etter at bandet denne veka har vore i Trondheim, Fannrem i Orkdal der Eide bur, Surnadal og Oslo. I 2007 kom den første plata, *Murru*, Sturla Eide spelar fele og bratsj, Øystein Sandbukt gitar, Lasse Sörlin bosouki og viola d'amore, og Ronny Kjosen spelar troorgel, trekkspel og piano. Utanom tre tradisjonslåtar har Eide, kjend frå bandet Flukt, skrive musikk han også kallar folkemusikk.

– Kan ein kalle nyskriven musikk for folkemusikk?

– Ja. Folkemusikk er jo ikkje laga ein gong for alle. Tre av songane våre er gamle, altså tradisjonsmusikk, men dei som høyrer på plata vår, vil assosiere dei andre låtane like mykje med folkemusikk. Sjølv om det er musikk som er oppstått her og no, med andre musikalske påverknader utanfrå enn det var før. Det vil også høyrast i musikken, seier Sturla Eide, som er i familie med to av musikarane i Gåte, suksessbandet som tok folkemusikken inn i rocken.

– Eg kan også ta han langt ut, men gjennom å gå tilbake og føye til nye ting. Vi leikar oss med det norske uttrykket gjennom å hente inspirasjonar utanfrå. Du kan seie at vi tek vår eigen musikalske dialekt ut i den moderne verda, seier Eide. Tre av låtane på *Triller* er tradisjonsmusikk, ein hoppvals frå Rindal, «Tovassvalsen» og «Bruremarsj frå Valsøyfjord», som mange ville kjenne att. Resten er laga av Sturla Eide, som i fjor var fylkeskunstnar i Sør-Trøndelag. No arbeider han med å utvikle det han kallar ei verktøykasse for folkemusikalsk improvisasjon.

– Kor mykje improvisasjon er det på denne plata?

– Opninga er ein improvisert felelåt; «Safari» er ein låt vi leika mykje med, og alle soloane er i ulik grad improvisasjonar.

– Grupper som Majorstuen og andre brukar også folkemusikken som utgangspunkt for å skape noko nytt?

– Det er musikk der arrangementa meir står i sentrum. Hos oss er det melodien.

– Når byrja du å spele fele?

– Som sjuåring i 1982, men eg lét vere å gå på musikklinja i skulen. Eg byrja å spele med eldre folk, seier Eide, som var med på si første plate med *Strengfolket* i 1993, har gjeve ut tre plater med bandet Flukt, og éi saman med Andreas Åse i duoen Sturla/Andreas.

– Har du nokon idol?

– Eg landa ikkje på nokon, men at Sven Nyhus har vore eit førebilete, skin nok gjennom i måten eg spelar på. Utanfor landet må det vere Alison Krauss.

– Har du noko tilhøve til jazz?

– Eg har hatt med jazzmusikarar, men ikkje spela jazz.


– Kva er skilnaden på denne plata og den første?

– Det er større breidd og meir improvisasjon på den siste.

– Altså «musikk med masse energi, varme og glimt i auga», som det heiter i pressemeldinga?

– Nettopp, seier Sturla Eide.

roald@dagogtid.no



Sturla Eide spelar triller på nytt album. Foto: Therese Lee Jansen